



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Tysdag 13. september kl. 18.00 på klubbhuset.

## Saksliste:

26/16	Klubbhusopning
27/16	Restarbeid klubbhus
28/16	Forsikring klubbhus
29/16	Eventuelt

## Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor og styremedlem Knut Olav Skare.

## Forfall:

Vara Gunnhild Bringsvor.

## Referat:

*Sak 26/16 Klubbhusopning*

Diskutert litt om dato for opning. Invitere ordførar og banken. Huset må sjølvstekt kunne brukast frå dagen etter. Kake. Fotballkveld frå 19.00 (aktivitet ute på idrettsbana). Folk kan teikne abonnement denne dagen, og nokre vil truleg melde seg inn i idrettslaget.

**Vedtak: Opningsarrangement fredag 7. oktober frå klokka 17. Anne Bjørg inviterer Dag Vaagen og Sparebanken Møre, og spør Valaker om dei vil sponse kake. Folk kan teikne abonnement denne dagen, og nok. Eirik lagar plakat, legg ut info på Internett, og lagar eit system for nøkkelbrikkeutdeling. Svein Helge syter for utskrift av høveleg mange medlemsgiroark.**



*Sak 27/16 Restarbeid klubbhus*

Anne Bjørg har samla ein gjeng som hjelper til med nedvask innvendig. Veggane ute er vaska og klar for beising torsdag. Heftig diskusjon rundt behovet for stor tørkepapirrull og desinfeksjonsmiddel i treningsstudioet. Også kor ofte vi bør vaske romet. Spørsmål om TV-skjermen som er på plass, har vore drøfta i styret – ikkje einige om dette heller.

**Vedtak: Vaskegjengen får beskjed når det er klart, men må ha minimum ei veke på alt. Eirik bestiller tørkerull og desinfeksjonsmiddel. Anne Bjørg spør John Longva om han kan hjelpe til med beising frå torsdag.**

*Sak 28/16 Forsikring klubbhus*

Vi har fått inn tilbod frå Gjensidige, If, Tryg og Eika (SBM) når det gjeld forsikring av huset. Stor skilnad i pris, vanskeleg å forstå alle detaljar, og dermed meine så mykje om saken.

**Vedtak: Vi vel det billegaste, det frå Eika. Årspremien er på 7 941 kr.**

*Sak 29/16 Eventuelt*

Problem med kjøleskapet på kiosken. Det har vorte eit frysenskap, unntatt på eine hylla.

**Vedtak: Anne Bjørg høyrer med for eksempel butikken om korleis vi kan få tak i eit nytt, eventuelt prøve å reparere det gamle.**

Møtet var slutt klokka 19.55.